

Reglane er utforma av styret for friskulen i samarbeid med FAU og med heimel i Lov om grunnskulen og vidaregåande opplæring, § 2-10. Vidare med heimel i Friskulelova § 3-9. Skulereglane vert drøfta og reviderte av årsmøtet i foreldreforeininga i mars kvart år. Kontaktlærar og elevvar arbeider med å gjennomgå dei vedtekte reglane i byrjinga på skuleåret og ved endringar.

Kvifor har vi reglar?

Det er for at elevvar, tilsette og heimane skal vite kva slags rettar og plikter som gjeld for elevane på skulen. Reglane skal vere ein reiskap for å skape tryggleik og trivsel på skulen både for elevane og dei vaksne som har arbeidsplassen sin her.

MOBBING

Mobbing og trakassering av elevvar og tilsette skal ikkje førekome. Den som ser at nokon vert mobba, skal melde frå til dei vaksne på skulen eller heime, og det skal iverksetjast tiltak og stoppsamtalar umiddelbart. Jmf.skulen sin «Antimobbeplan».

I TIMANE

Lærarane og elevane utformar klasseromsreglar i lag. Det skal leggjast vekt på ei åtferd i timane som skaper eit godt, trygt og inspirerande læringsmiljø på skulen.

UTELEIK OG FRIMINUTTA

Målet er at alle skal kjenne seg velkomne og trygge i samvær med medelevar, i leik og i aktivitetar. Vi skal arbeide for å få vekk kjefting, krangling, grov språkbruk og anna åtferd som er med på å lage leikemiljøet i friminutta utriveleg og nedbrytande..

Leiken skal ikkje vere slik at vi skadar kvarandre eller skulebygninga. Difor skal vi ikkje kaste snøball, dukke kvarandre i snøen eller oppføre oss slik at vi medvite gjer nokon vondt eller skadar nokon.

SKULEVEGEN

Reglane for uteleiken gjeld òg for skulevegen. Borna må ikkje ”fryse nokon ut” slik at dei må gå åleine på skulevegen. Vi skal følgje trafikkreglane. Elevane skal ha hjelm på sykkeluturar og anna sykling på skulen.

MOBILTELEFON:

Elevane har ikkje lov til å nytte mobiltelefon i skuletida. Mobilen skal ligge avslått i sekken. Det same gjeld for mobilklokke.

Brot på regelen fører til inndraging av mobilen resten av dagen, og melding heim.

Ved 2.gongs brot må føresette hente mobilen på skulen.

Det er elles alltid på eige ansvar at elevvar tek med dyrt, privat utstyr.

SFO - SKULEFRITIDSORDNINGA

Skulereglane gjeld for tida i SFO også.

SKULEMATERIELLET

Vi skal ta vare på skulemateriellet slik at det er i best mogleg stand til neste brukar. Dette gjeld både lærebøker, utstyr, inventar og skulebygg.

HELSA VÅR

Vi skal ikkje ete snop/tyggis anna enn ved særlege høve som skulen opnar for. Det er forbod mot å nytte rusmiddel og røyk både i skuletida og under skulearrangement på ettermiddag - og kveldstid. Forbodet gjeld både i bygget og på uteområdet.

BROT PÅ REGLANE

Vi veit at vi kan verte nøydd til å erstatte skadar. Krav om erstatning skal gjerast i samsvar med reglane om ansvaret for barn og unge i lov om skadeerstatning 13.juni 1969 nr 26.

Viss vi bryt reglane, veit vi at:

- Vi kan få tilsnakk av lærar eller rektor.
- Heimen kan få melding pr. telefon eller skriftleg, eller begge deler.
- Elevvar kan visast ut frå timen.
- Elevvar får ikkje gå ut i friminuttet eller må gå inn før tida.
- Rektor i samråd med lærar kan ta avgjerd om å sende eleven heim resten av dagen. Dei føresette skal kontaktast og har uttalarrett før ei slik avgjerd vert teken. Eleven skal ha fått høve til å forklare seg.

Bortvising av elevvar skal handsamast som eit enkeltvedtak, og vere i tråd med Skulereglane, Privatskulelova og Forvaltningslova. Vedtaket kan klagast på. Fylkesmannen er klageinstans.

Skulereglane er reviderte og godkjende av årsmøtet v/Åmås Friskule, mars-24.

Åmås, 21.03.24, Solgun Nedreberg, rektor.